



## Møtereftrat

Organisasjon:	SIMAS IKS
Møtenummer:	4-2021
Dato:	31.08.21/01.09.21
Tidspunkt:	13.30-18.00/09.00-15.00
Stad:	Wood Hotell, Brumunddal, Ringsaker kommune
Type handsaming:	Styremøte

### Til stades:

Jøril Hovland (styreleiar)  
Petter Sortland  
Birgit Lervik  
Marianne Ovrud  
Ståle Øvstetun  
Geir Ove Bøthun (på Teams fram til sak D17/21)

### Frå administrasjon:

Hallvard Thomassen, Aud Jane Beheim, Dagny Ugulsvik Alvik, Geir Øygard, Kenneth Teigen

### Forfall

Lene Wågsbø Wiese, Arnstein Menes

### Tillegg;

I sak D15 (01.09.21) deltok ordførar Audun Mo og klimakoordinator Inger Oddrun Sverkmo frå Lærdal kommune.

### Godkjenningssaker:

- G 07/21**      **Godkjenning av innkalling og sakliste**  
*Innkalling og sakliste vart godkjent*
- G 08/21**      **Godkjenning av referat frå styremøtet 01.06.21**  
*Referat frå styremøtet 01.06.21 vart godkjent og signert.*

### Orienteringssaker

- O 12/21**      **Driftsorientering**  
Administrasjon orienterte om drift og pågåande saker.
- Samrøystes vedtak:  
*Styret fekk orientering om drifta og arbeidet med pågåande saker*
- O 13/21**      **Rekneskap pr juni 2021**  
Rekneskapsrapport pr. 30.06.2021 viser omsetning og driftsresultat over budsjett.



Samrøystes vedtak:

*Styret tek rekneskapsrapporten pr juni til vitande*

**O 14/21**

**Investeringsprosjekt 2021**

Oversikt over status på ulike investeringsprosjekt vart lagt fram.

Samrøystes vedtak:

*Styret tek status på investeringsprosjekta til vitande*

**O 15/21**

**Orientering om SIRKLA Ressurs AS**

Dagleg leiar har vore delvis sjukmeld sidan mars-21, men operativ fram til no. Nytt styre er på plass, med tre nye personar. Omsetning og resultat litt under budsjett, men betre enn førre året. Det er likevel ein krevjande konkurransesituasjon for selskapet.

Samrøystes vedtak:

*Styret tek informasjonen om SIRKLA Ressurs AS til vitande*

**O 15/21**

**Orientering om Ecoinowaste AS**

Framtida til selskapet er usikker etter at EGS (investor) ønskjer å avslutte samarbeidet mellom EGS og Ecoinowaste.

Samrøystes vedtak:

*Styret tek informasjonen om Ecoinowaste AS til vitande*

## Drøftingssaker

**D 15/21**

**Strategiprosess for SIMAS IKS - status**

Som ledd i strategiarbeidet vart det gjennomført studietur til Sirkula sine anlegg på Hamar og i Brumunddal. Besøket vart gjennomført i lag med Lærdal kommune den 01.09.21.

I strategidrøftinga vart det vart det fokus på;

- Hytterrenovasjon
- Miljøstasjon/tilrettelegging for ombruk

Utfordringane med hytterrenovasjon er;

- Folk sine haldningar
- Manglande forståing/kunnskap
- Hyttecontainerane brukt/misbrukt av fastbuande, turistar og næring
- Opne containera (ikkje lås)
- Tømmefrekvens for dårleg i høve forsøpling
- For dårleg tilbod til abonnentane/tilgjenglegheit miljøstasjonane (avstand/opningstider)
- Mangel på sanksjonar

Utfordringane med tilrettelegging av ombruk på miljøstasjonane er;

- Små miljøstasjoner
- Låg befolkning
- Varierande moglegheiter for vidareutvikling

*JH*



- Lærdal og Aurland treng oppgradering/nye løysing
- Festingdalen er feil lokalisering for Sogndal

Konklusjon/vidare arbeid

1. Styret gjev administrasjon i oppgåve å arbeide vidare med forslag til løysing i samband med strategiplan og budsjett til neste møte

**D 16/21****Vurdering av endring av selskapsform frå IKS til AS (utsett sak)**

Endring av selskapsform er omfattande og krevjande. Før ein legg for mykje arbeid i saka bør ein involvere representantskapet.

Konklusjon/vidare arbeid

1. Styret informerer og drøftar saka med representantskapet før ein set i gang vidare arbeid

**D 17/21****Lønn/pensjon – førebuing/innspeil**

Styret i SIMAS skal årleg gje innspel til dei lokale lønsforhandlingane i SIMAS. Dette vert gjort med utgangspunkt i resultatane frå dei sentrale forhandlingane som ver gjennomført mellom arbeidsgjevarorganisasjonen Samfunnsbedriftene (tidl KS Bedrift) og arbeidstakarorganisasjonane.

Konklusjon/vidare arbeid

1. Forhandlingsutvalet får mandat til å gjennomføre lønsforhandlingane med dei tillitsvalde i tråd med ramma som ligg til grunn etter dei sentrale forhandlingane.

**D 18/21****Foreløpig budsjett 2022 og Økonomi- og investeringsplan 2022-2025**

Budsjett og Økonomi- og investeringsplan 2022-2025 heng saman med innhaldet i ny strategiplan som er under handsaming og skal godkjennast på representantskapsmøtet i oktober 2021.

Basert på drift som i dag og med utkast til korrigert investeringsplan, er det utarbeida foreløpige budsjett 2022. Kostnadsbudsjettet er satt opp med utgangspunkt i budsjett 2020 samt resultat pr 30.06.21.

Konklusjon/vidare arbeid


1. Administrasjon utarbeidar forslag til budsjett 2022 og Økonomi- og investeringsplan 2022-2025 basert på drøftingane i styremøtet

**Vedtaksaker**

Ingen saker

**Oppfølgingssaker**

Utsett til neste møte



**simas**

Før eit reint og miljøvenleg Sogn

Br.dal 31.08.2021

Jøril Hovland  
Jøril Hovland  
styreleiar

Petter Sortland  
Petter Sortland  
nestleiar

\_\_\_\_\_  
Lene W. Wiese  
styremedlem

Marianne Ovrud  
Marianne Ovrud  
styremedlem

Ståle Øvstetun  
Ståle Øvstetun  
styremedlem

Geir Ove Bøthun  
Geir Ove Bøthun  
styremedlem

Birgit Lervik  
Birgit Lervik  
styremedlem